

Bratt og Blåttprisen

Statutt:

Nemnda kan gje prisen til den dei vil når dei vil!

Årets prisvinnar 2013:

Når vi no skal dele ut Brattogblåttprisen 2013, gjer vi det i den same ånda som i fjor. Vi vel likevel eit litt anna utgangspunkt. Eit av dei store namna i bluesen, Wille Dixon sa det nemleg slik: Blues er røtene. All anna musikk er frukter på treet.

Skal noko vekse treng røtene godt jordsmonn, stell og næring. Slik er det også med musikk. Ved utdelinga av Brattogblåttprisen har vi i år tenkt å hylle entusiasmen, lidenskapen og engasjementet. For at tusenvis skal få oppleve eit blømande lokalt musikkliv, og at hundrevis av lokale utøvarar skal få det som trengs for å gje næring og mening, treng vi gartnarar. Folk med ressursar og engasjement nok til å bruke jobb og fritid på å like, løfte fram og gje ein sjangs til musikarar - som oftast har meir pågangsmot enn vit og muligheiter.

Årets vinnar av Brattogblåttprisen er ein slik person. Alle i miljøet kjenner vedkomande. Han har i fleire tiår sørga for ei scene for kjende og ukjende, både i kraft av den muligheita han har hatt i jobbsamanhang, og i dei seinare åra gjennom å delta og vere støttespelar for ei rekke med konsertar og evenement. Alltid med det Sunnmørske musikklivet i fokus. Han har støtta og backa opp, han har likt og ikkje likt og han har sagt si mening. Årets prismottakar er ei levande legende. Vi kan ikkje tenke oss ein meir verdig mottakar.

Alle hugsar han som sjølv høvdingen på legendariske Pizzapuben i Ålesund: brattogblåttprisen 2013 går til Jarle Støyva ! Jarle det er ei glede å ha deg her og å få overrekke årets pris til nettopp deg!

